

Quiz og ølsmaking på Oska fredag.

28.03.2016



Sammy Myklebust skal leia den ølrelaterte quizen. Her er han fotografert då han som redaktør i Ølportalen mottok prisen Årets Ølhund i 2014.

**Før jul vart det arrangert ei svært vellukka juleølsmaking på Oska. Komande fredag er ølgeneral Sammy Myklebust tilbake. Då vert det arrangert quiz og ølsmaking på vertshuset på kaien i Uskedalen. Det er viktig at deltakande lag vert meldt på før torsdag kl.16, og talet på deltakarar på kvart lag er maks 6.**

Også quizen vil ha ein spesiell karakter denne kvelden. Sammy Myklebust vert i rolla som quizmaster, og spørsmåla vil også vera relatert til temaet øl på ein eller annan måte. Underveis i konkurransen vert det servert ulike typer brygg og spørsmåla vil på ein eller annan finurleg måte kunna knytast til det som vert servert.

Roy Lervåg lover ein feiande flott hovudpremie, og i tillegg kan det vanka ein oppmerksomhet dersom eit lag har gjort noko ekstra ut av lagnamnet sitt. Det ligg an til nok ein retteleg trivleg kveld på Oska. Quizen startar kl.19, men dørene opnar ein time før det. Påmelding vert på mail til [rokokk@gmail.com](mailto:rokokk@gmail.com) innan torsdag kl.16. Det kostar 300 kr i inngang til quizen, og det inkluderer 6 smaksprøver.

Elles er det berre å følgja med på dette arrangementet og anna som skjer på Oska på facebooksida til Smakifrå. Der er det jamnlege oppdateringar. Mykje god informasjon finn ein også på heimesida [www.smakifraa.no](http://www.smakifraa.no).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Julie Amundsen